

Bygging av småkraftverk i Lyselva i Tørvikbygd i Kvam herad Kulturminnefråsegn

Når det gjeld planane for bygging av småkraftverk viser Hordaland fylkeskommune til høyringsbrev sendt ut 2. april 2014 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE): Søknad om tillatelse til å bygge 12 småkraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger kommune. Lyselva i Kvam er mellom dei omsøkte tiltaka. Bygging av kraftanlegg inneber ei minstevassføring på 25 l/s om sumaren og 12 l/s resten av året.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt i kulturminnevernet.

Kva saka gjeld

Søknad om konsesjon for bygging av småkraftverk i Lyselva i Tørvikbygd. Planen er å bygge eit nytt kraftverk med nedgravd røyrgate på vestsida av elva og lage ny tilkomstveg til kraftstasjonen.

Vurdering

Det ligg i dag ei gamal grindsag knytt til Lyselva som ein er uroa for at saga ikkje får nok vatn til å drive vasshjulet. Vernelaget har vore i kontakt med oss om saka og vi syner til brev frå oss av 30.04.2014. Der vi skriv:

«Grindsaga er ei enkeltblada oppgangssag, bygd i 1880 åra. Saga vart sett opp som ei følgje av utskiftinga.

på Augastad der det var stor trong for skoren material, og var i årleg drift frå 1885 til 1956. Omlag 1970 sette eigarane bygningen i stand. Eigarskapen vart seinare overteken av Tørvikbygd bygdemuseum.

Museumstyret tok i 1999 initiativ til skipinga av «Vernelaget for Grindssaga». Laget hadde som mål å få saga i drift. I løpet av ein femårsperiode vart det lagt ned 1500 dugnadstimar. Laget fekk tilskot av Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune og Kvam herad. I 2004 opna saga for drift. Det er mellom anna skore bord til kleding og sutak på verdsarven Bryggen i Bergen med same skur som den opphavlege materialen frå 1702.

Oppgangssaga fortel om ein viktig del av den vestnorske industrihistoria, og gjev eit eineståande innblikk i eldre sagbruksteknologi. Saga byr på kunnskap og opplevingar, men bidreg også til å skape verdier, til dømes ved at ein produserer bord. Det er lokal oppslutning om bevaring. Sagbrukshistoria går langt attende i tid. Sagene i Kvam og Jondal er sjeldsynte i nasjonal samanheng og er av dei få kulturminna som står att etter ei stor og viktig næring. Hordaland fylkeskommune ser saga på Grind som eit teknisk kulturminne med svært høg kulturminneverdi. Verdien er styrkja ved at saga vert nytta i istandsetjinga av andre viktige kulturminne.

Kulturminne er unike, ikkje-fornybare og uerstattelege. Ifølgje St. meld. nr. 26 (2006-2007) skal mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø forvaltest og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Hordaland fylkeskommune ser saga på Grind i slikt ljós.

I ei sak om utbygging av Lyselva vil fylkeskommunen legge vekt på at ein sikrar kulturminneverdiane. Ei oppgangssag utan vatn misser den viktigaste funksjonen - å sage. Eit heilt sentralt spørsmål vert difor om eit kraftverk vil sleppe nok vatn i elva til at saga kan køyrast på same vis som i dag. Ein må ta stilling til behovet ei minstevassføring, og det må undersøkjast kva som er tilstrekkeleg mengde vatn for saging. Vi viser til vår samla fråsegn i saka.»

Konklusjon

Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn har Grindsaga i Tørvikbygd svært høg kulturminneverdi. Oppgangssagene i Hardanger er nasjonale kulturminne og tilgang til vatn for drift av saga er ein føresetnad for ei berekraftig forvalting av kulturminnet. Når det gjeld dei nye planane for småkraftverket er det viktig at omsynet til bevaring gjer premissar for korleis ein regulerer bruken av vatnet i elva.